



**Det går mot haust og dermed mot sesongstart for turngruppa.**

**- Vi hadde stor oppslutnad i fjor om dei gruppene eg leia og eg vonar at minst like mange blir med i denne omgangen, både unge og eldre.**

**Det seier Anette Sund, som skal instruera step og aerobic også denne sesongen.**

Stepgjengen skal i aksjon frå klokka 19 til 20.15 måndag og aerobic har sin start onsdag frå 20 til 21.15.

Torsdag startar gymstic med Janne Hjelmeland som instruktør og det skjer mellom klokka 19.30 og 20.30.

Biletet over vart teke av stepgjengen ved sesongstarten i fjor og instruktør Anette Sund står lengst til høgre. Frå venstre står Aslaug Lyse, Astrid Haugland (med minst 30 års deltaking bak seg!), Randi Guddal Zimmer, Kjersti Bråtun, Janne Hjelmeland, May Kjersti Stensletten, Gunvor Ulebust og Kari Isdal.

(Foto: Ola Matti Mathisen)